



Alkohol i arbeidslivet

Arbeidslivet er ein unik arena for å førebyggje og handtere problematisk bruk av alkohol, narkotika, medikament og spel. Størstedelen av den vaksne befolkninga er ein del av arbeidslivet, og på arbeidsplassen kan vi oppdage endringar hos medarbeidarar tidleg, tilby hjelp og følgje opp over tid.

Dei negative konsekvensane for arbeidslivet viser seg som regel i form av ineffektivitet, auka fråvær og sikkerheitsrisiko. I tillegg har problematisk bruk negativ påverknad på både omdømmet, relasjonane og arbeidsmiljøet.



Arbeidsrelatert alkoholbruk

Arbeidsrelatert alkoholbruk handlar først og fremst om at ein drikk i sosiale samanhengar i tilknytning til jobben, til dømes på seminar, ved representasjon og på jobbfestar.

På mange arbeidsplassar kan slike situasjonar vere utfordrande fordi det ikkje er tydeleg kva som er fritid, og kva som er jobb, og fordi det derfor er uklart om arbeidsreglementet gjeld.

Enkelte tilsette er meir eksponerte for alkoholbruk via reiseverksemd, representasjon eller auka tilgang av andre årsaker. Svært mykje bruk av heimekontor kan òg føre til at enkelte drikk meir, fordi alkoholen då er lettare tilgjengeleg.

Den største feilen vi gjer, er å unngå å snakke om kvar grensene går for kva som er greitt, og kva som ikkje er greitt, og korleis vi skal handtere ugreie situasjonar.

Policy

Vi tilrår at verksemdar, uavhengig av storleik og bransje, utarbeider ein enkel og tydeleg policy som er forankra i eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom leiinga og dei tilsette, og som gjeld for alle. Då veit både dei tilsette og leiarane kva som gjeld, og det er trygt og føreseieleg for alle.

Ein policy som alle kjenner til, er eitt av fleire verkemiddel i arbeidet med å redusere sjukefråvær, fremje eit godt arbeidsmiljø og styrkje omdømmet til verksemda.

Policyen bør beskrive verksemda si haldning til bruk av alkohol, illegale rusmiddel, medikament og spel:

- På arbeidsplassen
 - På heimekontoret
 - I arbeidsrelaterte situasjonar
 - På fritida når bruken får negative konsekvensar for arbeidsplassen.
-

Av-og-til er ein ideell organisasjon som jobbar for betre alkovett. Gjennom førebyggjande arbeid skal vi bidra til å redusere dei negative konsekvensane alkoholbruk har for samfunnet.

Alkovett er å ha eit bevisst forhold til eiga drikking. Det er å tenkje over om ein skal drikke, og når ein skal stoppe. Alkovett er bra for deg – og betre for alle.



Ønskjer du rettleiing i korleis de kan gå frå bekymring til handling?
Ta kontakt med Akan kompetansesenter på 22 40 28 00
eller akan@akan.no



Besøk heimesida vår: avogtil.no
Lik oss på Facebook: Av-og-til
Følg oss på Instagram: [@avogtil.no](https://www.instagram.com/avogtil.no)